

Grunnvatn i Tysvær kommune

NGU Rapport 92.115

MERK

at kommunane er skilde i A- og B-kommunar. Dette er gjort av fylkeskommunen etter oppmoding frå Miljøverndepartementet for å konsentrera innsatsen om dei kommunane som har størst behov etter målsetjinga til GiN. I A-kommunane er det gjort feltarbeid, mens det ikkje er gjort feltarbeid i B-kommunane. Der er vurderingane basert på eksisterande materiale og kunnskapar om forholda utan at ny kunnskap er innhenta. Innhaldet i rapporten vil difor i regelen bera preg av om den omhandlar ein A-kommune eller ein B-kommune.

Rapport nr. 92.115		ISSN 0800-3416		Gradering: Åpen	
Tittel: Grunnvatn i Tysvær kommune					
Forfatter: Jomar Ragnhildstveit Oddmund Soldal			Oppdragsgiver: Miljøverndepartementet NGU		
Fylke: Rogaland			Kommune: Tysvær		
Kartbladnavn (M=1:250.000) Haugesund			Kartbladnr. og -navn (M=1:50.000) 1113 I Haugesund, 1213 I Vindafjord, 1213 IV Skjoldstraumen		
Forekomstens navn og koordinater:			Sidetall: 6 Pris: 25,- Kartbilag:		
Feltarbeid utført:	Rapportdato: 23.03.92	Prosjektnr.: 63.2521.22	Ansvarlig: GALT Større		
Sammendrag: Tysvær kommune er ein B-kommune i GiN-prosjektet. Det vil sei at vurderingane er basert på tilgjengeleg bakgrunnsmateriale. Rapporten inneheld ei generell vurdering av grunnvassforholda i kommunen. Kommunen har ikkje prioritert områder der forholda for grunnvassforsyning vart ynskt vurdert. I Tysvær kommune er det aktuelt med grunnvatn som vassforsyning til spreidd busetnad.					
Emneord:		Hydrogeologi		Grunnvann	
Grunnvannsforsyning		Forurensning		Løsmasse	
Berggrunn		Database		Fagrapport	

Innholdsliste

Side

Rapportane i GiN-programmet (2. omslagsside)

Innholdsliste 2

1 GENERELT OM GRUNNVASSFORHOLDA I KOMMUNEN 3

2 FORUREININGSKJELDER 4

3 TIDLEGARE UNDERSØKINGAR
Referansar 5

Bruk NGU-INFO i arbeid med grunnvatn (3. omslagsside)

1 Generelt om grunnvassforholda i Tysvær kommune

Det er fire kommunale vassverk i kommunen som dekkjer 70-80% av innbyggjarane. Det er planar om å byggja ledningsnettet vidare ut. Dei som ikkje vert tilkople er dei som bur svært spreiddt. Mange av desse har borebrønner i fjell. Det er ein del erfaring med grunnvatn i fjell. Det vanlegaste problemet er nedgang i kapasiteten over tid.

LAUSMASSAR

I kommunen er det ingen lausmasseførkømtar som eignar seg til større grunnvassuttak.

FJELL

Berggrunnen i kommunen består for det meste av grunnfjellsbergartar. I austlege og søraustlege del av kommunen, i Kårstøområdet, og aust for Muslandsvågen-Vassendvik er det for det meste kambrosilurisk fyllittglimmerskifer. I Nedstrandsområdet er grunnfjellsgneisar skuba over fyllittglimmerskifer.

Ved boring vil det generelt bli størst vassytting i områder med grunnfjellsbergartar, men variabelt frå stad til stad som følgje av varierende samansetjing på bergartane og variasjonar i den lokale oppsprekkinga. Grunnfjellsbergartane er for det meste gneisar og litt omdanna gabbro. Gneisane er dels omdanna størkningsbergartar med samansetjing som varierer frå granittisk til diorittisk, og dels omdanna sedimentære bergartar (kvartsitt og glimmerrike gneisar).

Ved boring i grunnfjellsbergartane vil kvarts-feltspatrike gneisar, særleg lyse granittiske gneisar, generelt yta mest vatn (vanlegvis 0,2-0,7 l/s pr. borhol). Det er ikkje så god kjennskap til gneisane i kommunen at slike parti kan peikast ut, men området mellom Førdesfjorden og Førlandsfjorden, samt området mellom Espevik og nordlege del av Lysevatnet-Yrkefjorden vil truleg vera større områder der ytinga generelt vil vera over gjennomsnittet. I tillegg kan det også vera mange, meir lokale parti med høg yting.

Basert på heller få registrerte borebrønner i NGU's brønnboringsarkiv, er ikkje dei oppnådde ytingane blant dei beste. Det skuldast truleg at gneisane mange stader har ein del innhald av mørke mineral, som gjer at ytinga vil liggja mellom 0,15 og 0,3 l/s pr. borhol. I parti med omdanna gabbro eller dioritt,

som er bergartar med tildels mykje mørke mineral, vil ytinga stort sett vera mindre enn 0,15 l/s pr borhol. Slike parti finst nordvestover frå Romsalandsvågen samt mindre parti nordaust for Aksdalsvatnet.

Ved boring i kambrosilurisk fyllitt-glimmerskifer vil ytinga som regel ikkje overstiga 0,1 l/s pr. borhol.

Ved boring mot markerte sprekkesonar kan ytinga frå ein fjellbrønn vera monaleg høgare enn anslått ovanfor.

2 Forureiningskjelder

Potensielle forureiningskjelder kan vera avrenning frå landbruksareal, busetnads- og industriområde og frå vegar. Slike arealbrukskonfliktar kan ein i dei fleste tilfelle unngå eller redusere ved fornuftig plassering av grunnvassanlegg.

3 Tidlegare undersøkingar

Nedanfor er det vist ei liste over tidlegare undersøkingar i kommunen. Lista er basert på tilgjengelege data. Det kan imidlertid finnast meir data som i denne omgang ikkje er registrert.

REFERANSAR

Bryn, K.Ø. (1985): Redusert vannføring i borebrønn, Susort i Tysvær kommune.
NGU Rapport 85.182.

Huseby, S. (1981): Grunnvannsmuligheter for industriutbygging på Kårstø.
NGU Rapport O-81056.

Jorde, K., et.al. (under arbeid). Haugesund. Foreløpig berggrunnskart 1113 I, M = 1:50.000.
NGU.

Jæger, Ø. (1991): Grus og pukkregisteret i Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira og Vindafjord kommuner, Rogaland. *NGU Rapport 90.076.*

Misund, A., Folkestad, B., Ellefsen, V., Korsmo, A-R., Torsnes, O. (1990): Kartlegging av spesialavfall i deponier og forurensset grunn i Rogaland. *NGU Rapport 89.148.*

NGU: Hydrogeologisk arkiv - borebrønner i fjell.

Rohr-Torp, E. (1980): Vurdering av muligheter for grunnvannsforsyning til glattkløringsbane i Tysvær. *NGU Rapport O-80.098.*

Sigmond, E.M.O., Gustavson, M., Roberts, D. (1984): Berggrunnskart over Norge, M = 1:1 mill.
NGU.